



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»


Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til utslepp av reinsa tunnelvatn- Røldal kraftverk i Ullensvang kommune for Hydro Energi. Høyringsfrist er 1. november 2024

Hydro Energi skal utbetre magasindammen i Valldalen i Røldal kraftverk. Tiltaket består av nytt flaumoverløp, inkludert utviding av vegen inn i terrenget mot vest, ny flaumtunnel og ny tappeluke i nytt lukehus.

Det skal etablerast to reinseanlegg for å handtere forureina vatn som oppstår ifb anleggsarbeida, som vist i figur 1.



Figur 1 Omtrentleg lokalisering av reinseanlegg markert i raudt. Handtering av vatn etter reinseanlegga er vist i blått. (Kjelde Norconsult)



Norconsult har i vedlagte søknad risikovurdert anleggsarbeida og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og negativ påverknad til eit akseptabelt nivå. Både i Valldalsvatnet og i Storelva nedstraums planlagt utslepp er det registrert høg tettleik av aure.

Hovuddelen av anleggsarbeida er planlagt gjennomført sommar og haust 2025 og ein tek sikte på å fullføra arbeid ila sommaren 2026. Sjølve drivinga av tunnelen har ein varigheit på nokre månader.

Ber om eventuelle uttaler innan 1. november 2024

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 1. november 2024.. Uttaler kan sendes til fmvlp@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2024/13853.

Søknaden og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Søknadsbrev Hydro Energi AS

Kopi til:

Norconsult ved Lutro
Hydro Energi ved Helle

Mottakerliste:

Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN